



KAIA & KARIM

FUGLEN SOM FORSVANN

loop
MILJØ-
SKOLE



PÅ TUR

Det er turdag i barnehagen. Maria, Kaia og Karim skal på tur i marka med nokre vaksne frå barnehagen. Dei skal gå på tur for å lære litt om naturen. Dei vaksne heiter Anne og Alfred. Maria har med druer ho et frå eit glas. Ho spyttar druresteinar veldig langt.

Kaia ser ein stor, svart fugl. Han ligg stille på bakken. Fuglen rører seg ikkje. Han flyg ikkje.

- Han er daud, seier Karim.
- Stakkars fugl, seier Kaia.
- Stakkars, stakkars fugl, seier Karim.
- Vi må gravleggje han.



FUGLEN FÅR EI GRAV

Dei grev eit hol i bakken. — Vi må lage eit pledd han kan ha over seg, seier Kaia.

Dei finn lauv. Det er haust, og blada har mange fine fargar. Dei pakkar inn fuglen i blada. Karim har funne ein stor, flat stein.

— Vi legg han oppå, seier han.
— Då kan ikkje revar ete fuglen, seier Kaia.

Maria har mista glaset ho hadde druer i på bakken. Ho finn det ikkje att. Men no må dei gå. Dei skal dra heim. Så kjem vinteren.



KVAR ER FUGLEN?

Etter vinteren vert det vår. Sola har varma i mange veker.

Dei finn ut at dei vil gå attende til same staden dei var sist. Det er fint å gå på tur. Karim undrast på korleis det har gått med fuglen.

— Skal vi grave han opp og sjå? spør han.
Det gjer dei. Dei finn den store, flate steinen.
Kaia grep djupare. Fuglen er borte. Men Maria
finn glaset sitt. Ho tråkkar på det og fell.
— Au, rumpa mi! ler ho.



KVIFOR VART FUGLEN BORTE?

Dei tennen eit bål og snakkar om det rare som har skjedd. Dei vaksne fortel at nokre ting i naturen vert brotne ned over tid, andre ikkje.

- Kvifor vart fuglen borte? spør Karim.
- Glaset mitt vart ikkje borte, seier Maria.
- Men om vi grev det ned? seier Karim.

- Kva med eit nedgrave bananskal? seier Maria.
- Det kjem an på om nokon et det opp, seier Anne.
- Kven gjer det? spør Maria.
- Ikkje eg, seier Alfred.
- Eg skal fortelje meir om det, seier Anne.



TYGG, TYGG, TYGG!

— Sjå på bladet til Karim, seier Anne.
— Det er nesten borte.
Mange tusen bakteriar har ete på det. Vi kan sjå dei i eit mikroskop. Små soppar har også ete.
Anne pirkar i ein roten trestokk. Ho tek varsamt opp eit lite dyr.

- Eit skrukketroll, seier ho.
- Meitemark og skrukketroll har ete.
- Småkrypa et. Så bæsjar dei. Då vert det jord, litt etter litt.
- Har dei ete fuglen? spør Maria.
- Ja. Og då vart fuglen til jord.



KVA VERT TIL JORD?

Maria, Kaia og Karim vil sjå kva som vert til jord. Dei grev mange hol. Der legg dei drikkekartongar, ein maisboks, glaset til Maria, ei ketsjupflaske og bananskal. Dei set opp små skilt.

— Det liknar eit blomebed, seier Maria.
Karim ler.

- Kanskje det veks opp hundre boksar med mais! seier Karim.
- Og tusen mjølkekartongar, seier Maria.
- Ketsjup ønskjer eg meg, seier Kaia.
- Men kva liker meitemarken best, tru? undrast Anne.




NOKO ER ETE OPP!

Det har vore sommar. Det er haust. Maria, Kaia og Karim er på tur att saman med Anne og Alfred.

Dei har grave opp tinga som dei grov ned då det var vår. Dei vil sjå kva som er blitt borte sidan

sist. Kartongane, glaset, boksen og ketsjupflaska er der.

- Men bananskalet? spør Maria.
- Ete opp! roper ho.
- Karim finn det heller ikkje.
- Toggen og bæsja ut! ler han.



Å SORTERE ER LURT

Barna har lært at nokre ting i naturen vert brotne ned, andre ikkje.

Vi må ikkje kaste ting i naturen.

Skal vi kaste noko, så må vi gjere det på rett stad. Kastar vi ting på rett stad, så kan det meste bli til nye, fine ting. Maria, Karim og Kaia kan sortere. Dei kastar tinga der dei skal.

— Men maten? seier Maria.

— Skal vi grave ned all maten? Slik som bananskalet?

— Nei, seier Anne. — Det er så mykje. Men vi kan ta maten i ei kasse. Vi kan gjere det riktig. Vi kan lage kompost. Vil de vere med?



KOMPOST

Maria, Kaia og Karim har ei kasse. På botnen har dei lagt kvistar. I kassa legg dei potetskrell og mat som dei ikkje har ete opp. Så får kassa strø. Strø er kvistar som er kutta opp i småbitar. Så rører dei med ein lang pinne.

Då vert det fint for dei små dyra som skal ete maten. Bakteriane får det varmt og godt. Dei skal dele opp alt i kassa. Etter ei tid er det blitt til jord. Den nye kompostjorda kan barna bruke til å dyrke mat eller planter i.



DRAUMAR


- Kva vil de dyrke i den nye jorda? spør Anne.
- Store, saftige eple og pærer! roper Maria.
- Fine, søte bær; jordbær, bringebær og blåbær! Nam! seier Karim.
- Og blomar som luktar godt og er store som tre! seier Kaia.

— Blomar, frukt og bær kan vi få til, seier Anne.

Kaia og Karim har lært at vi må sortere det vi skal kaste. Når avfallet er sortert, så kan det bli til nye, fine ting. Drikkeflasker og -boksar skal pantast i matbutikken.


KARIM PANTAR

Karim pantar plastflasker og aluminiumsboksar.
Ein bil hentar dei og kører dei til ein fabrikk.



KAIA KASTAR KARTONGAR

Kaia liker mjølk og jus.
Når kartongane er tomme, skyl ho
dei og lar dei stå og drype seg tørre.
Ho kastar dei i dunken for
papirinnsamling.




Ein maskin lagar nye boksar.
Flaskene til Karim er laga av plast. Flaskene vert pressa og kverna til små plastbitar.


For å lage nye plastflasker smeltar ein dei små plastbitane om til små reagensrøyr. Ein maskin blæs opp reagensrøyra til flasker og fyller dei med drikke.



Kartongane vert henta og køyrde til ein fabrikk.
Der kvernar dei kartongane og legg dei i vatn til
dei løyser seg opp. Papirsuppa blir deretter silt,
pressa og varma, slik at alt vatnet vert borte.

Vips, så har vi nytt papir på digre rullar. Det nye
papiret kan mellom anna bli til nye pizzaesker.
Kaia har ei pizzaeske som er laga av gamle
kartongar.





KAIA KASTAR GLAS, OG KARIM KASTAR EIN BOKS

Kaia kastar det tomme glaset sitt i ein dunk for glas- og metallemballasje. Det har vore syltetøy i det. Ho kan kaste glasflasker også. Glaset blir køyrt til ein fabrikk.

Glas og flasker vert knuste. Dei vert knuste til små bitar. Dei små bitane blir sorterte. Bitane vert smelta. Dei kan bli til nytt glas. Nokre av dei små glasbitane blir til Glasopor, som ein kan bruke når ein byggjer hus og nye vegar. Kaia har eit syltetøyglas som er laga av gamle glas.



Karim har ete mais. Han kastar den tomme hermetikkboksen i eit returpunkt for glas- og metallsemballasje. I dunken kan han kaste boksar som det har vore mat i.

Boksane vert henta og køyrd til ein fabrikk

saman med glaset. Boksane vert smelta. Då kan ein mellom anna lage nye boksar av dei gamle. Gamle boksar kan også bli til delar på ein ny sykkel. Karim har ein ny sykkel laga av gamle boksar.

HAR DU VORE PÅ TUR? HAR DU SETT FUGLAR? HAR DU SETT SMÅ DYR?

**SKRIV
ELLER
TEIKN**

The image shows a white page with a decorative border consisting of a series of small black dots arranged in a grid pattern. In the top right corner, there is a solid yellow circle. Inside this yellow circle, the letters "SKR", "ELL", and "TEIK" are printed vertically in a bold, black, sans-serif font.

KVA KAN VI BRUKE MJØLKETONEN TIL?

**SKRIV
ELLER
TEIKN**



DU HAR LAGA FIN KOMPOSTJORD. KVA SKAL VEKSE HOS DEG?



SKRIV
ELLER
TEIKN

FARGELEGG
I FINE
FARGAR!





FINST
OGSA PÅ
BOKMÅL



KUN
DIGITALT

HEFTA ER GRATIS!

Du kan tinge dei på miljøskole.no

Eller ta kontakt med LOOP:

skole@loop.no

Forfattar **Jorun Gulbrandsen**

Illustratør **Johnny Likvern** frå Barnebokfabrikken

Omsetjing til nynorsk **Gudmund Anders Dalsbø**

Utgivar **LOOP**

Layout **Jenny Kyvik Hutchens**

Trykk **Døvigen AS**

Utgitt **2017**

LOOP Miljøskole vert gitt ut med støtte frå Klima- og miljødepartementet

Heftet er trykka på resirkulert papir

